

VOSS

Berekraftsrapport
2024 - 2026



Hardanger og Voss Næringskade | Visit Voss
Voss herad · Reiselivsnæringa på Voss



**Berekraftig
Reisemål**

VOSS

SAMANDRAG

Voss vart i 2024 merka som Berekraftig Reisemål for tre nye år gjennom Innovasjon Norge si merkeordning. Visit Voss, Voss herad og reiselivsbedriftene jobbar aktivt med sosial, miljømessig og økonomisk berekraft, med konkrete tiltak innan mellom anna transport, heilårssatsing og inkluderande reiseliv. Berekraft har dei siste åra utvikla seg til ein integrert og naturleg del av drifta. Me jobbar mellom anna med;

Miljø

- o Prosjekt Grøn mobilitet – mobilitetstiltak for innbyggjarar og tilreisande
- o Elektriske snøscootrar (Norway's Best)
- o Ansvarleg marknadsføring for å skåne pressområde og styre trafikk
- o Praktisk naturrestaurering som programpost under Ekstremsportveko 2026
- o Fokus på nærmarknader og auka opphaldstid
- o Ny Temaplan for naturmangfald i Voss herad

Sosial og økonomisk berekraft

- o AccessNorway – tilgjengeleg reiseliv
- o Innbyggjarundersøking 2024 og 2026
- o Strategi for besøksforvaltning
- o Digitalt vertskaps- og berekraftskurs
- o Heilårssatsing, fokus på marknadsføring og produktutvikling i skulder- og lågsesong;
 - Eigen portal for kurs og konferansemarknaden
 - Chartersatsing vinter



Bilete: Karoline Fosse

FORANKRING, SAMARBEID OG KOMPETANSE

Berekraftsarbeidet er godt forankra på Voss gjennom eit tett samarbeid mellom Visit Voss, Voss herad og reiselivsnæringa.

Berekraftig Reisemål

- o Voss vart hausten 2024 remerka som *Berekraftig reisemål* for tre nye år.
- o Ordninga forpliktar til kontinuerleg arbeid med sosial, miljømessig og økonomisk bærekraft.
- o Innbyggjarundersøking vert gjennomført annakvart år for å fange opp trendar og utfordringar tidleg.

Orientering for politikarar og næringa

- o Visit Voss gjennomfører årlege orienteringar for politikara (heradsstyre og Utval for kultur og næring).
- o Sikrar politisk forankring og kjennskap til berekraftsarbeidet på øvste hald.
- o Informasjon vert òg delt med medlemsbedriftene gjennom nyheitsbrev og medlemsmøte.

Strategi for besøksforvaltning

- o Voss herad jobbar i 2025/2026 med ein heilskapleg strategi for besøksforvaltning.
- o Målet er styrt trafikk, vern av pressområde og auka lokal verdiskaping.

Kurs, kompetanse og arrangement

- o Visit Voss tilbyr nettbaserte vertskaps- og berekraftskurs til reiselivsbedriftene via Berekraftsakademiet.
- o Krasjkurs på Oksenhalvøya med tema besøksforvaltning haust 2024.
- o Voss herad arrangerte debatt på biblioteket februar 2025 med tema; *Bygd for turistar – korleis få reiselivet og bygda til å gå hand i hand?*
- o Foredrag om prosjektet Grøn mobilitet på medlemsmøte for handel og reiseliv desember 2025.
- o Arrangement februar 2025 med tema *berekraft* og ny Temaplan for naturmangfald i Voss herad.

NATUR OG MILJØ

Prosjekt Grøn mobilitet

Visit Voss starta i 2025 eit større mobilitetsprosjekt saman med Voss herad, Vy, Norway's Best og Voss Resort, med mål om å redusere utslepp frå biltrafikk vinterstid og gjere det enkelt å reise kollektivt til skiaktivitetar. Det jobbast mellom anna med:

- o Hyttebuss for hyttefolket i Bavallen/Voss Resort.
- o Ekstra buss mellom Myrkdalen og Voss Resort.
- o Fleire avgangar mellom Voss stasjon og Myrkdalen.
- o Samarbeid med Skyss for å gjere kollektivreiser meir saumlause og tilpassa reiselivet.
- o Utvikling av lokalt mattilbod for hyttefolket.

Norways Best har kjøpt inn el-snøskuterar

- o Norway's Best har teke i bruk el-snøskuterar i Myrkdalen.
- o Låge utslepp og stillegående – skånar natur og nærmiljø.
- o Eit konkret døme på at reiselivsbedriftene investerer i grønare utstyr.

Naturmangfaldsplan og planvask

- o Voss herad vedtok Temaplan for naturmangfald i 2025.
- o Overordna mål om å hindra og redusere tap av natur og verna om naturmangfaldet.
- o Planen har kunnskapsdel og handlingsdel med 50 konkrete tiltak, med fokus på kartlegging, vern, og restaurering av natur og berekraftig arealbruk.
- o I 2026 gjennomfører Voss herad «planvask» av arealplanen og jobbar med implementering av arealnøytralitet.

Praktisk naturrestaurering som programpost på Ekstremsportveko

Som del av slagordet «Leave nothing but footprints» har Ekstremsportveko i 2026 tatt med ein ny programpost med involvering av festivaldeltakarar i praktisk naturrestaurering langs elvene. Stuntet er eit samarbeid med lokale aktørar på Voss, og viser at reiselivet konkret legg til rette for å gi noko tilbake til naturen.

Ansvarleg marknadsføring

- o Visit Voss marknadsfører ikkje pressområde og har fokus på spreiding av trafikk.
- o Fokus på marknadsføring av tilbod som gjev lokal verdiskaping framfor fri natur og fri ferdsle.
- o Redusert kampanjar i høgsesong med 90 %.
- o Medvitne val i annonsar og redaksjonelt innhald.



Miljøsertifiserte bedrifter

Voss har ni miljøsertifiserte reiselivsbedrifter (per juni 2026). I 2026 har Hardanger og Voss Næringshage sertifisert egne rådgjevarar til miljøfyrtårnkonsulentar for å hjelpe endå fleire lokale bedrifter med miljøarbeid.

Bedrift	Sertifisering
Voss Active	Miljøfyrtårn
Voss Vind Drift	Miljøfyrtårn
Hardanger og Voss Næringshage / Visit Voss	Miljøfyrtårn
Voss folkemuseum	Miljøfyrtårn
Fleischer's Hotel	Miljøfyrtårn
Myrkdalen Fjellandsby (Hotel og Fjellheiser)	Miljøfyrtårn
Store Ringheim Hotell & Restaurant	Miljøfyrtårn
Voss kulturhus	Miljøfyrtårn
Vossabadet	Miljøfyrtårn

SOSIALE VERDIAR OG ØKONOMISK BEREKRAFT

AccessNorway – tilgjengeleg og inkluderande reiseliv

Visit Voss deltek som pilotdestinasjon i det nasjonale prosjektet AccessNorway, drive av Sunnaasstiftelsen og Inklusiv Beitostølen. AccessNorway testar og dokumenterer tilgjengelegheita på destinasjonen, og gjer det enklare for reisande med funksjonsnedsettingar å planlegge besøk på Voss. Ein meir tilgjengeleg destinasjon er ein betre destinasjon for alle.



Bilete: Åsmund Aarsand

Heilårssatsing; fokus på auka aktivitet i skulder- og lågsesong

- o Visit Voss marknadsfører i hovudsak Voss haust, vinter og vår (låg- og skuldersesong) for å jamne ut turisttrafikken og redusere belastning i høgsesong.
- o Chartersatsing med Norway's Best og Voss Resort rettar seg mot lav- og skuldersesong.

Innbyggjarundersøking

- o Høg svarprosent (ca 1200 svar).
- o 77 % av vossingane er positive til reiselivet (2024), og målet er å halda fram med nøgde innbyggjarar.
- o Svak nedgang frå 2022 (82 %) – viktig signal som vert følgt opp.
- o Utfordringar: bustadprisar, slitasje i naturen, trafikk i pressområde.
- o Ny undersøking 2026 for å fange opp utvikling.

Betalingsvillige og etisk medvitne gjestar

- o Reiselivsstrategien 2023–27 peikar mot europeiske gjestar som jaktar ekte opplevingar.
- o Fokus på kvalitet framfor kvantitet – færre, men meir lønsame besøk.

Visit Voss Konferanseportal

Voss er den første bygda i landet som bygger ein samarbeidsstruktur for å ta imot heile bedriftsmarknaden, med ulike konsept tilpassa bedriftenes behov og størrelse.

UTFORDRINGAR

- o Auka trafikk i pressområde – krev aktiv besøksstyring og tydeleg kommunikasjon.
- o Stigande bustadprisar – utfordrar den sosiale-og økonomiske berekrafta lokalt.
- o Svak nedgang i gjennomsnittleg opphaldslengde, primært knytt til auka tal bussturistar om sommaren.

SUKSESSHISTORiar

Grøn mobilitet – frå idé til buss i rute

Hardanger og Voss Næringshage har fått støtte frå Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga Hardanger og Vy til eit større mobilitetsprosjekt på Voss. Prosjektet gjennomførast i perioden 2025-2028, og er eit samarbeid mellom Næringshagen, Voss herad, Vy, Norway's Best og Voss Resort. Prosjektet har som mål å få på plass betre kollektivløysingar vinterstid for ein meir saumlaus og konkurransedyktig vinterdestinasjon, og redusere utslepp og trafikk lokalt og regionalt.

AccessNorway – Voss som pilotdestinasjon

Voss vart valt ut som ein av to pilotdestinasjoner i Norge for AccessNorway. AccessNorway er eit prosjektsamarbeid mellom Norwegian Travel Cluster, Sunnaasstiftelsen og INKLU Beitostølen, der ein utviklar verktøy som hjelper reiselivsnæringa med å kartlegge, planlegge og forbetre reiselivsprodukt for personar med nedsett funksjonsevne. Dette set Voss på kartet som ein destinasjon som tek inkludering på alvor. Arbeidet bidreg til at fleire kan oppleve Voss – uavhengig av funksjonsevne – og styrkar omdømet som eit ansvarleg og framtidsretta reisemål.



**Berekraftig
Reisemål**
Lokalt engasjement
i eit langt perspektiv